
Fra: Aksel Kayser <Aksel.Kayser@stiegler.no>
Sendt: fredag 4. mai 2018 14.26
Til: Hege Eeg
Emne: 6/1 - Vevletveit - klagesak - oversender Levering av planframlegg - Detaljreguleringsplan masseuttak Vevletveit del 1
Vedlegg: Vedlegg 04 ROS-analyse 30.04.2018.pdf; Vedlegg 05 Terrengsnitt 616518-L101 datert 06.03.2018.pdf; Vedlegg 07 PlanID 2016001 Massetak Vevletveit.sos; Vedlegg 07 Plankart datert 30.04.2018.pdf; Vedlegg 08 Føresegner datert 30.04.2018.docx; Vedlegg 08 Føresegner datert 30.04.2018.pdf; Vedlegg 13 3D-bilete datert 27.04.2018.pdf; Vedlegg 14 Landskapsplan 616518-L103 datert 06.03.2018.pdf; FW: 16/105405-9 - Plan-og profiltegning for avkjørsel; 16/105405-9 - Plan-og profiltegning for avkjørsel; referat undervegs møte vevletveit 30.03.17 med kommentarer frå konsulent.pdf; Utfylt sjekklister planforslag.pdf; Planskildring1.pdf

Hei.

Denne informasjonen ber jeg om at blir tatt med i behandlingen av klagesaken. Det er fint om du bekrefter det tilbake snarest mulig.

Med vennlig hilsen

Aksel Kayser
Partner/advokat MNA

Stiegler

Advokatfirma Stiegler AS
Chr. Michelsensgate 2a, Pb. 1124 Sentrum, 5809 Bergen

Telefon: +47 55215403/95202131
Epost: ak@stiegler.no

[Stiegler](#) | [Eurojuris](#)

CONFIDENTIALITY NOTICE:

This e-mail may contain confidential, privileged information and is intended only for the individual named herein. If you are not the correct addressee you should not disseminate, distribute copy or otherwise make use of this message. Please notify the sender immediately if you have received this e-mail by mistake and delete it from your system.

Fra: kjetil.tepstad@multiconsult.no <kjetil.tepstad@multiconsult.no>
Sendt: 3. mai 2018 08:21
Til: Aksel Kayser <Aksel.Kayser@stiegler.no>
Emne: FW: sak 16/341 Levering av planframlegg - Detaljreguleringsplan masseuttak Vevletveit del 1

Til orientering.

KJETIL TEPSTAD
Samferdsel

(+47) 91 64 91 03 | kjetil.tepstad@multiconsult.no

Multiconsult

From: Laskemoen, Lise Marie

Sent: 2. mai 2018 14:42

To: Tepstad, Kjetil <kjetil.tepstad@multiconsult.no>

Subject: Fwd: sak 16/341 Levering av planframlegg - Detaljreguleringsplan masseuttak Vevletveit del 1

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.

----- Opprinnelig melding -----

Fra: "Laskemoen, Lise Marie" <lise.marie.laskemoen@multiconsult.no>

Dato: 02.05.2018 13:02 (GMT+01:00)

Til: post@osteroy.kommune.no

Emne: sak 16/341 Levering av planframlegg - Detaljreguleringsplan masseuttak Vevletveit del 1

Hei!

Sak 16/341

Leverer med dette revidert planframlegg for detaljreguleringsplanen for masseuttaket på Vevletveit, planID: 12532016001.

Revidert planframlegg inneheld følgjande:

- Planskildring datert 30.04.2018
- Plankart datert 30.04.2018 i pdf og sosi (vedlegg 07)
- Føresegner datert 30.04.2018 i word og pdf (vedlegg 08)
- ROS-analyse datert 30.04.2018 (vedlegg 04)
- Terrengsnitt datert 06.03.2018 (vedlegg 05)
- VA-rammeplan datert 02.05.2018 (vedlegg 11)
- Teknisk teikning for regulert avkøyrsløse datert (vedlegg 12)
- Bilete frå 3D-modell datert 27.04.2018 (vedlegg 13)
- Landskapsplan datert 06.03.2018 (vedlegg 14)

Vedlegga 01 (ref. oppstartsmøte), 02 (varslingsdok.), 03 (merknader), 06 (innmålte terrengdata) og 09 (Støyanalyse) er ikkje endra frå tidlegare levering, og difor ikkje vedlagt denne innleveringa.

I tillegg til planframlegget med vedlegg, legg vi også ved e-post-dialogen vi har hatt med vegvesenet om veg- og avkøyrsløysingane (to e-postar). Vedlagt er også utfylt merknadsskjema frå undervegsmøte og utfylt sjekklister for planforslag.

Kjelder nytta i naturmangfaldsvurderinga (vedlegg 10) vert sendt som eigen e-post grunna filstorleik.

Fint om vi kan ha eit overleveringsmøte så snart som mogleg. Oppsummering av hovudendingane er lista opp under.

Ta gjerne fortløpande kontakt om de har spørsmål eller om de ser noko som manglar.

Mvh

LISE MARIE LASKEMOEN
Arealplanlegger

(+47) 97 77 22 50 | lise.marie.laskemoen@multiconsult.no
www.multiconsult.no

Multiconsult

Oppsummering av hovudendringane i revidert planframlegg:

Plankart

- Fylkesvegen med sideareal og den nye avkøyrsla er regulert i tråd med vegnormalen.
- Vegetasjonsskjerm delt i to formål
- Omsynssone for bevaring naturmiljø lagt inn
- Omsynssone for andre sikringssoner er lagt inn

Føresegner

- § 2.1.1 Det er lagt inn to ekstra punkt om at driftsplanen også skal innehalde plan for varsling av omgjevnadene ved sprenging og plan for handtering av overvatn.
- § 2.1.2 (Ny): Det er lagt inn krav om at driftsplanen skal sendast kommunen til uttale.
- § 2.3: Det er m.a. lagt inn krav om sedimentasjonsbasseng.
- § 2.4: Det er lagt inn krav om at landskapsplan skal vere retningsgjevande for landskapsutforming.
- § 2.5.3: Føresegna er endra. Det er lagt inn krav om at det skal såast til med stadeigen vegetasjon.
- § 2.5.4 (Ny): Det er lagt inn krav om tilbakeføring til landbruksareal skal hellinga ikkje vere brattare enn 1:4, og krav til topplag.
- § 2.6.2: Føresegna er justert slik at formulering er i tråd med rettleiaren om jordmassehandtering.
- § 2.7.2: Det er lagt inn krav om at driftsplanen skal vurdere behov for støvnedfallsmålingar.
- § 2.7.4 (Ny): Det er lagt inn krav om at tiltak dersom forureina grunn vert oppdaga.
- § 2.8: Det er lagt inn krav om at driftsplanen skal vurdere behov for berekningar av vibrasjonar.
- § 3.1.2 (Ny): Det er lagt inn krav om sedimentasjonsbasseng.
- § 3.1.6: Det er lagt inn krav om nedre kotenivå for masseuttak.
- § 3.1.7 (Ny): Det er lagt inn krav om maks årleg masseuttak i volum.
- §§ 5.1.1 og 5.1.2 er stramma inn i formuleringa.
- § 7.3 om rekkefølgekrav til støyvurderingar er teke ut då støyvurdering er utførd.
- § 7.4: Det er lagt inn krav om når masseuttaket kan sjåast på som avslutta.

Planskildring

- Generelt er det gjort mange mindre endringar og presiseringar i teksten.
- Kap. 2.1: Det er skildra litt om bakgrunnen for at området kan nyttast som deponi.
- Kap. 3.4.1: Det er vist til kvar dei statlege føringane er handtert i planskildringa.
- Kap. 3.4.3: Det er skildra aktuelle regionale planar.
- Kap. 5 om KU: Teksten er justert sidan ny forskrift er gjort gjeldande.
- Kap. 6.4 om barn og unge sine interesser er justert med kart over badeplassane.
- Kap. 7.3.1: Det er gjort berekningar som viser mogleg restuttak innanfor formålet. Basert på dagens årlege uttak vil drifta kunne vare i om lag 10 år til. Det er også gjort berekningar for kor mykje massar som kan tilførast området ved tilbakeføringa av landskapet til anten landbruk eller deponi. Det vert også vist til utsnitt frå 3D-modellen.
- Kap. 8.13 om verknader for teknisk infrastruktur er endra og det er forsøkt å skildra verknadene meir presist.

Anna

- Terrensnitta er revidert, sjå vedlegg 05.
- 3D-modell er utarbeidd, og vist til i planskildringa. Større bilete frå 3D-modellen lagt ved som vedlegg 13.
- Landskapsplan er utarbeidd og det er lagt inn krav om å følgje denne i føresegnene, jf. vedlegg 14.
- Merknadsskjemaet er kommentert og ligg vedlagt.
- Sjekkliste innlevert planforslag er fylt ut på nytt og ligg vedlagt.